



VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 02.11.2016
Tid: 12:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset, fekk permisjon kl. 16:00	Medlem	H

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Magnar Sunde	Sølvi Dimmen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service, PS 199/16 og 200/16
Rune Rotevatn	Leiar for ungdomsklubben
Jorunn Anne Tomasgard	Helse- og omsorgssjef, OS 159/16
Elin Høydal Vatne	Leiar for tenesta rus- og psykisk helseteneste, OS 159/16
Geir Sæther	Tenesta for rus- og psykisk helseteneset
Rune Totland	Teknisk sjef, OS 160/16
Lars Fjærvold	Ingeniør teknisk sektor, OS 160/16
Berit Lyngstad	Personalsjef, PS 201/16



VOLDA KOMMUNE

PS 196/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Dokument ettersendt 01.11.16:

- Rapportering av oppfølging av vedtak – oppnemning av nemnd
- Høyring: Endring i forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om følgjande tillegg og endring av saklista:

- Høyring: Endring i forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar, vert handsama i starten av møtet etter orienteringssak OS 159/16.
- Rapportering av oppfølging av vedtak – oppnemning av nemnd, vert sett på saklista.
- OS 161/16 vert handsama etter OS 160/16.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endring og tillegg fra ordføraren, vart samrøystes godkjent.

OS 159/16 Rus/psykiatritenesta

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, med heimel i kl. § 31, nr. 2, fvl. § 13 og offl. §13.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle lukkast.

Elin Høydal Vatne og Geir Sæther, orienterte om tenesta rus- og psykisk helsetenesete. Det vart opna for spørsmål frå formannskapet.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle opnast, jf. kl. § 31, nr. 2.

PS 203/16 Høyring: Endring i forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

Kommunen gir høyringsuttale i samsvar med saksframlegget, eventuelt med dei endringar som blir vedteke i møtet

Handsaming:

Leiar for rus- og psykisk helseteneste Elin Høydal Vatne, orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 02.11.2016:

Kommunen gir høyringsuttale i samsvar med saksframlegget, eventuelt med dei endringar som blir vedteke i møtet.

OS 160/16 Vatn og avløp

Ingeniør Lars Fjærvold og teknisk sjef Rune Totland orienterte om arbeidsprosess og utfordringar til teknisk sektor, med særskilt merksemd på vatn og avløp. Det er større investeringsbehov for å stette behovet for auka kapasitet og miljøkrav innanfor vatn og avløp. Vidare er det eit stort etterslep på vedlikehald av leidningsnettet, vatn og avløp, dette vil generere store kostnader for å utbetre. Vatn og avlaupsplan vert lagt fram til politisk handsaming i starten av 2017.

PS 197/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen får førre møte den 18. oktober 2016, vart godkjent med åtte røyster, Dan Bjørneset var fråværande.

OS 161/16 Informasjon om budsjettarbeidet

Rådmannen og økonomisjef Henrik Skovly, orienterte om arbeidet med årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

Dan Bjørneset møtte i starten av orienteringa.



VOLDA KOMMUNE

PS 198/16 Søknad om midlar til kjøp av nytt teleskop på Kometland

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet syner til søknaden fra aksjonsgruppa for nytt teleskop på Kometland. Formannskapet ser tiltaket som eit element i å skape oppleveling og kunnskapsformidling, og finn derfor å kunne løyve 25.000 kr i økonomisk støtte til nytt teleskop på Kometland med dekning over formannskapet sin disposisjonspost.

Handsaming:

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:

Formannskapet støttar kometland si teleskop statsing med kr. 50 000. Grunnen til det at dette er svært spesielt og vil neppe gi presidens og er for ålmenta.

Formannskapet drøfta saka.

Margrete Bjerkvik trekte framlegget sitt.

Ordføraren kom med framlegg om å løyve kr. 40.000.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga fra administrasjonen, med endring fra ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 02.11.2016

Formannskapet syner til søknaden fra aksjonsgruppa for nytt teleskop på Kometland. Formannskapet ser tiltaket som eit element i å skape oppleveling og kunnskapsformidling, og finn derfor å kunne løyve 40.000 kr i økonomisk støtte til nytt teleskop på Kometland med dekning over formannskapet sin disposisjonspost.

PS 199/16 Lokale til ungdomsklubben i Volda

Handsaming:

Administrasjonen si tilråding:

1. *Det blir bevilga 150.000 kr til leige av nye lokale for ungdomsklubb i Volda.*
2. *Løyvinga blir å innarbeide i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.*
3. *Ungdomsklubbtildobet blir evaluert i løpet av 2018.*



VOLDA KOMMUNE

Sektorsjef for kultur- og service Inger-Johanne Johnsen og leiar for ungdomsklubben Rune Rotevatn var til stades under handsaminga av saka.

Rådmannen orienterte om at ved ein feil var ikkje tilrådinga den som skulle gå ut til politisk handsaming. Rådmannen la derfor fram følgjande endra tilråding:

1. *Det vert vurdert leige av nye lokale for ungdomsklubben i Volda i budsjett og økonomiplan for 2017-2020.*
2. *Ungdomsklubbtiboden vert evaluerte i løpet av 2018.*

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 02.11.2016 til kommunestyret:

1. *Det vert vurdert leige av nye lokale for ungdomsklubben i Volda i budsjett og økonomiplan for 2017-2020.*
2. *Ungdomsklubbtiboden vert evaluerte i løpet av 2018.*

PS 200/16 Reduksjon i antal røystekrinsar i Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommune reduserer talet på røystekrinsar frå 16 til 6, gjeldande frå og med Stortings- og sametingsvalet 2017 slik:*
 - Austefjord krins*
 - Folkestad krins*
 - Dalsfjord krins*
 - Øyra/sentrum krins*
 - Mork krins*
 - Vikebygda krins*
2. *Etter valet 2017 skal valstyret evaluere gjennomføringa av valet.*

Handsaming:

Sektorsjef for kultur- og service Inger-Johanne Johnsen orienterte om saka.

Odd A. Folkestad, FrP, kom med slikt framlegg:

1. *Det er ei kommune si plikt å leggje tilhøva til rette slik at innbuarar med røysterett vert motiverte til å møte fram i røystelokala på valldagen. Ein viktig føresetnad for dette er at veljarane har kort /enkel veg dit. Difor skal talet på røystekrinsar i Volda kommune i komande val i utgangspunktet oppretthaldast slik det har vore til no.*



VOLDA KOMMUNE

2. *Før endeleg handsaming i kommunestyret, vedtek imidlertid formannskapet at spørsmålet skal sendast dei aktuelle grenadautvala til fråsegn.*
3. *Formannskapet vil gjere sitt endelege innstillingssvedtak overfor kommunestyret når resultatet frå høyringa frå grenadautvala ligg føre.*

Odd Harald Sundal, SP, kom med slikt framlegg:

Formannskapet sender framlegget attende til administrasjonen som sender forslaget på høyring i grenadalaga. Før den vert lagt fram for formannskapet.

Formannskapet drøfta saka.

Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt.

Punkt 2 og 3 i framlegget frå Odd A. Folkestad vart reist som eit fellesframlegg frå Odd Harald Sundal og Odd A. Folkestad.

2. *Før endeleg handsaming i kommunestyret, vedtek imidlertid formannskapet at spørsmålet skal sendast dei aktuelle grenadautvala til fråsegn.*
3. *Formannskapet vil gjere sitt endelege innstillingssvedtak overfor kommunestyret når resultatet frå høyringa frå grenadautvala ligg føre.*

Røysting (ni røysteføre):

Punkt 1 i framlegget frå Odd A. Folkestad fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta mot.

Punkt 2 og 3, fellesframlegget frå Odd A. Folkestad og Odd Harald Sundal vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 02.11.2016:

1. *Før endeleg handsaming i kommunestyret, vedtek imidlertid formannskapet at spørsmålet skal sendast dei aktuelle grenadautvala til fråsegn.*
2. *Formannskapet vil gjere sitt endelege innstillingssvedtak overfor kommunestyret når resultatet frå høyringa frå grenadautvala ligg føre.*

Dan Bjørneset fekk permisjon, det var soleis åtte røysteføre i framhald av møtet.

PS 201/16 Grunnleggande verdiar for Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

1. *Kommunestyret tek til vitande verdiprosessen som har vore gjennomført*
2. *Kommunestyret stadfestar verdiorda raus, modig, kompetent og lærande som grunnleggande verdiar for Volda kommune.*
3. *Kommunestyret er open for at det kan verte behov for ein ny verdiprosess ved kommunesamanslåing.*

Handsaming:

Personalsjef Berit Lyngstad orienterte om saka.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 02.11.2016 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret tek til vitande verdiprosessen som har vore gjennomført*
2. *Kommunestyret stadfestar verdiorda raus, modig, kompetent og lærande som grunnleggande verdiar for Volda kommune.*
3. *Kommunestyret er open for at det kan verte behov for ein ny verdiprosess ved kommunesamanslåing.*

PS 204/16 Rapportering på oppfølging av vedtak - Oppnemning av nemnd

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet vel som medlemer i nemnd, for ajourføring av «vedtaksloggen».

Handsaming:

Odd A. Folkestad kom med framlegg om Edvin Dale som leiar.

Odd Harald Sundal kom med framlegg om Sølvi Dimmen som medlem.

Jørgen Amdam kom med framlegg om Hild Våge som medlem.

Røysting (åtte røysteføre):

Edvin Dale, Sølvi Dimmen og Hild Våge vart samrøystes valt.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Formannskapet - 02.11.2016:

*Formannskapet vel Edvin Dale, Sølvi Dimmen og Hild Våge som medlemer i nemnd, for
ajourføring av «vedtaksloggen».*

PS 202/16 Orienteringssaker

OS 162/16 Utvida 2. tertialrapport barnevern 2016

OS 163/16 Lønspolitikk 2016-2019

OS 164/16 Informasjonsbrev om Volda Campus Arena, og invitasjon til samarbeid

OS 165/16 Volda Campus Arena - ny idrettshall ved Høgskulen

OS 166/16 Svar på brev om avhending av Volda fiskerihamn i Volda kommune - Møre og Romsdal fylke

OS 167/16 Samarbeidsavtale om beredskap mellom Volda kommune og Volda Røde Kors

OS 168/16 Språk i den nye vestlandsregionen - brev til medlemmene

Ordføraren får fullmakt til å skrive fråsegn vedkommande språk i den nye Vestlandsregionen.

OS 169/16 Kandidat til Norges Vels Gründerpris

OS 170/16 Kommunereform

Rådmannen informerte om at rådmann i Nøtterøy/prosjektleiar og komande rådmann i nye Færder kommune, er invitert til Volda 8. desember. Ho vil orientere om erfaringar kring kommunesamanslåingsprosessen til nye Færder kommune.

Representantar frå politisk, administrasjon og dei tillitsvalte, frå Volda og Hornindal, vert invitert til å delta på samlinga.

Ordføraren informerte om at første møte i midlertidig fellesnemnd blir på Grodås den 16.11.16 kl. 18.00.

OS 171/16 Kvalitet på mat servert på omsorgssenteret

Anders Straume reiste spørsmål om kvaliteten på maten som vert servert på Volda omsorgssenter. Formannskapet drøfta saka og var samde om at spørsmålet vert sendt vidare til driftsstyret for vurdering.



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 16:35

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
03.11.2016

Sonja Håvik
konsulent